

# PRESSEMELDING OM SMITTEVERNTILTAK

Volda kommune 12.03.20



Volda  
kommune

**Koronaviruset spreier seg i folket i landet, og ein har no kome til det stadiet der ein ikkje lenger har kontroll på smittekjeldene. Førabels har ikkje nokon testa positivt i Volda kommune, og det er no nødvendig å setje inn tiltak for å unngå og i alle høve redusere smitte blant innbyggjarane. Det går no ut informasjon om dette etter at kriseleiinga hadde møte tidlegare i dag.**

Naboland set i verk drastiske tiltak, og Volda kommune forventar at helsemyndigheitene i Noreg gjer det same for å halde nede spreinga av viruset i befolkninga. For å lykkast er det nødvendig med samtidige tiltak over ein intens periode der ein reduserer kontakt mellom folk, samt at den enkelte er svært bevisst på kva ein kan gjere for å skjerme seg mot viruset. Den enkelte må følgje råda frå nasjonale og lokale helsemyndigheiter og ta dette svært alvorleg. Volda kommune går no ut med nokså drastiske tiltak, og legg til grunn at nasjonale myndigheiter kjem etter, og da kanskje med enda meir drastiske tiltak.

Sjølv om viruset normalt berre er farleg for utsette grupper i folket, så er det svært viktig at vi gjer det vi kan for å ivareta desse og den allmenne folkehelsa. Dersom ein ikkje har situasjonen under kontroll, så kan belastninga på helsevesenet verte kritisk.

Volda kommune gjekk i går ut med at vi følgjer Folkehelseinstituttet sine retningslinjer i tillegg til å ha sett i verk nokre tiltak. Tiltaka som vart informert om 11. mars går vidare. Frå i dag vert det sett i verk ytterlegare tiltak.

#### **Tiltaka er strukturert på fire omsynsområde:**

- Beredsskapsmessige omsyn
- Omsynet til tilsette
- Omsynet til samfunnet og innbyggjarane
- Omsynet til brukarane

#### **Beredsskapsmessige omsyn**

##### Bemanningsplan for kritiske funksjonar

- Helsepersonell
- Branntilsette
- Driftspersonale for vatn og avløp
- Tilsette i lønsavdelinga
- Kommunen si administrative leiing (3.4.1/3.4.2) + ordførar og varaordførar

Det er under utarbeiding bemanningsplan:

- Talfeste kor mange som kan vere vekk og samtidig oppretthalde drifta på kritiske tenesteområde
- Kartleggje personell utanfor eigen sektor eller organisasjon som kan setjast inn for å ivareta drifta

Dersom barnehagane og skulane i barnesteget vert stengde vert det etablert tilbod for SFO og barnehageopphald for bart til tilsette som er i samfunnskritiske funksjonar (som td kommunal helseteneste, naudetatar, sjukehus mv.) Førabels vert ikkje barnehagane og småskulestega stengde, men dette kan skje på kort varsel.

Dersom situasjonen tilseier det kan det verte behov for at tilsette i kritiske funksjonar må utsetje ferie. Dette kan verte ei svært aktuell problemstilling.

#### Tiltak for å skjerme kritisk personell:

- Heimekontor
- Tilsette på lønskontoret vert skjerma

Produksjonen skal haldast opp i størst mogleg grad også ved heimekontor.

#### **Omsynet til tilsette**

Kvar kommunalsjef informerer ut i sine sektorar utover det som kjem frå kommunedirektør.

Iverksetting av heimekontor vert vurdert og avgjort av den enkelte kommunalsjef. Produksjonen skal oppretthaldast så langt det er mogleg. SSIKT skal syte for at utstyr er på plass funksjonelt. Tiltaket er heimla i smittevernlova.

#### **Omsynet til samfunnet og innbyggjarane**

Det er avgjerande viktig at alle innbyggjarane tek denne situasjonen på alvor og tek ansvar for si eiga og andre si helse. Atferda til den enkelte er det viktigaste for å unngå smitte og at viruset spreier seg i befolkninga.

#### Råd til innbyggjarane

- Generelt mane til auka bevisstheit om å ta situasjonen alvorleg og forklare kvifor
- Unngå å opphalde seg i soner med mykje folk og tilstrebe 1 meter avstand til andre
- Arrangement med over 100 deltakarar vert forbydd og ein rår generelt ikkje til arrangement/samlingar no, jfr smittevernlova § 4-1, 1. ledd bokstav a) som gir hjemmel for å vedta «forbud mot møter og sammenkomster eller påbud om andre begrensninger i den sosiale omgangen overalt der mennesker er samlet».
- Nøye med eige hygiene for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre
- Unngå kroppsleg kontakt – ikkje handhelse eller ta seg i ansiktet
- Redusere reiseaktivitet
- Folk må vere ekstra forsiktig for å unngå skade mv som kan ytterlegare belaste beredskapsfunksjonane som sjukehus, legetenesta, brann, politi mv.
- Rådhuset og biblioteket vert stengt for publikum.
- Omsorgssentra vert stengt for publikum. Næraste pårørande kan etter avtale kome inn ved behov. Dette inkluderer også kantine.
- Alle kommunale bygg vert stengt for publikum (treningshallar, kino mv) Volda kommune oppmodar også private treningshallar og treningssenter om å stengje.

Det vil i løpet av dagen gå ut på varsel 24/SMS på mobiltelefon med informasjon til innbyggjarane om kvar dei kan finne informasjon

### Politiske møte

Formannskapet tek stilling til om det skal haldast politiske møte framover. Dette vert teke opp i formannskapet komande tysdag.

### Kjøpesenter, butikkar, kafear og restaurantar – kommunen rår desse til:

- Skjerpe reinhald av berøringspunkt (betalingsautomatar, handlevogner mv)
- Om det er å oppdrive ha vaskesprit tilgjengeleg for fri bruk ved kasse og inngangsparti
- Setje opp informasjonsplakatar med fakta frå Folkehelsedirektoratet og oppmoding til folk om å vere bevisste på hygiene og avstand til kvarandre.
- Leggje til rette for at folk kan halde 1 meter avstand

### **Omsynet til brukarane**

Kulturskulen vert innstilt inntil vidare.

Elevane i 5. – 10. årssteg vert haldne heime komande fredag og måndag. Situasjonen vert vurdert løpande. Det vert gitt særskilt informasjon til foreldre/pårørande om dette. Slik situasjonen utviklar seg nasjonalt legg vi til grunn at dei nasjonale helsemyndigheitene vil kome med nasjonale tiltak om å stengje barnehagane og skulane i løpet av kort tid, slik dei har gjort i Danmark. Volda kommune førebur seg på at barnehagane og alle skulane vil verte stengde. Foreldre som har moglegheit til å halde yngre barn i skule og barnehage vert oppmoda om å halde barna heime. Skulen og barnehagane skal varslast om dette.

Volda kommune rår Volda vidaregåande skule om å halde stengt fredag og måndag.

Volda kommune planlegg isolat ved Mork bustader for å kunne vere budd til ta imot pasientar dersom situasjonen skulle tilseie det.

### **Iverksetjing**

Tiltaka og oppmodinga gjeld frå no av og inntil vidare. Volda kommune følgjer utviklinga og vil på kort varsel nedskalere eller oppskalere tiltaka etter behov. Med bakgrunn i erfaringane frå andre land, må ein bu seg på ei oppskalering av tiltaka.